

Flora kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 22.06.2015

Møtetid:

Kl. 09:30 – 13:25

Møtestad: Torvmyrane skule

	Faste medlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Bjarne Holme, leiar	X		
2	Ingvar T Myrvollen, nestleiar	X		
3	Björg Mikalsen	X		
4	Eva Richter	X		
5	Berit Hovland	X		
	Personlege varamedlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	John Arvid Svanøe			
2	Einar Jacobsen			
3	Gunn Jansen			
4	Henning Ryland			
5	Kirstin Willis			
	Andre som møtte			
	SEKOM-sekretariat ved Arnar Helgheim			
	KRYSS Revisjon ved Terje Førde og Trine Vokuhl			
	Flora kommune ved Øyvind Monsen (rektor ved Torvmyrane skule) i sak 45			

Sak nr.

Sakstittel

043/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
044/15	Skriv og meldingar 22.6.15
045/15	Torvmyrane skule - synfaring
046/15	Prosjektrekneskap: 78635 Gatelys Dyreholtvegen
047/15	Prosjektrekneskap: 78630 Trafikksikring 2011
048/15	Oppfølgingsliste 6 - 2015
049/15	Eventuelt

Underskrifter:

Bjarne Holme, leiar

Ingvar T Myrvollen

Björg Mikalsen

Eva Richter

Berit Hovland

SEKOM-sekretariat

043/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Flora kontrollutval 22.06.2015:

Sak 45 (synfaring) var først i møtet.

FLO-043/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

044/15: Skriv og meldingar 22.6.15

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Flora kontrollutval 22.06.2015:

Bystyremøte

Informasjon frå bystyremøte ved Ingvar T Myrvollen og Bjarne Holme.

Framlegg frå Ingvar T Myrvollen:

Kontrollutvalet vi oppmode om at saker som går på årsrekneskap / årsmelding med eksterne til stades bør i bystyret handsamast på eit nokonlunde føreseieleg tidspunkt. Dette må få ein betre struktur i framtida. Slike saker helst tidleg i møta på dagtid.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Revisjonstenesta

Revisjonssjef Terje Førde informerte om kva som er rett saksgang ved eventuell konkurranseutsetjing av revisjonstenesta. Saksgang skal vere via kontrollutvalet jf kommunelova § 78 (4. *Kommunestyret eller fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget*) og kontrollutvalsforskrifta § 16. Bakgrunn for

denne informasjonen var at spørsmålet vart teke opp som benkeframlegg under bystyremøtet med framlegg om at rådmannen skal greie ut.

Forvaltningsrevisjon om innkjøp

Rapport frå forvaltningsrevisjon om innkjøp kjem i neste møte.

Fylkesmannen sitt tilsyn innan barnevern

Framlegg i møtet:

Tilsynsrapporten frå Fylkesmannen vart sendt ut saman med saklista. Flora kommune sitt svar til Fylkesmannen vart ettersendt. Kontrollutvalet ber rådmannen og leiar for barnevern om orientering på neste kontrollutvalsmøte med ei utdjuping av kva kommunen gjer av tiltak for å rette opp avvika. Utvalet viser til at dette er ei sak utvalet har handsama over lengre tid, og at ein vurderer ei høyring på utfordringane knytt til barnevernet. Utvalet ønskjer både skriftleg orientering før møtet og presentasjon i møtet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Årsrapport frå KRYSS Revisjon

Revisjonssjef Terje Førde orienterte om selskapet.

FLO-044/15 Vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

045/15: Torvmyrane skule - synfaring

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Flora kontrollutval 22.06.2015:

Saka vart teken først i møtet.

Synfaring ved rektor Øyvin Monsen.

FLO-045/15 Vedtak:

...

046/15: Prosjektrekneskap: 78635 Gatelys Dyreholtvegen

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for prosjekt 78635 – Gateyls Dyreholtvegen kan godkjennast slik han ligg føre.

Handsaming i Flora kontrollutval 22.06.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FLO-046/15 Vedtak:

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for prosjekt 78635 – Gateyls Dyreholtvegen kan godkjennast slik han ligg føre.

047/15: Prosjektrekneskap: 78630 Trafikksikring 2011**Tilråding frå SEKOM-sekretariat:**

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for prosjekt 78630 – Trafikksikring 2011 kan godkjennast slik han ligg føre.

...

Handsaming i Flora kontrollutval 22.06.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FLO-047/15 Vedtak:

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for prosjekt 78630 – Trafikksikring 2011 kan godkjennast slik han ligg føre.

048/15: Oppfølgingsliste 6 - 2015**Tilråding:**

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Flora kontrollutval 22.06.2015:

Sekretariatet etterspør omtale knytt til politikk i høve nær slektskap mellom leiar og underordna i etiske retningslinjer.

FLO-048/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

049/15: Eventuelt

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Flora kontrollutval 22.06.2015:

Møteplan

Ekstra møte tysdag 25. august med forvaltningsrevisjon innkjøp.

Økonomi for utvalet

Økonomisk oversikt for kontrollutvalet til møte 25.8.

Fagkonferanse i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) 3. og 4. juni

Orientering frå konferansen. Berit Hovland og Ingvar T Myrvollen deltok frå Flora kontrollutval og Arnar Helgheim frå SEKOM-sekretariat.

Flora parkering

Revisjonsrapport og årsrapport / rekneskap er sendt ut til formannskapsmøte.

Kontrollutvalet ber om at ordførar og styreleiar orienterer om status i møte i august.

FLO-049/15 Vedtak:

...

